

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE



Vår ref.: 17/00249-3

Deres ref.:

Bergen, 21.11.2017

Uttale til utkast til kommuneplanen sin arealdel 2017 - 2027 Samnanger kommune

Vi syner til offentlig høyring av kommuneplanens arealdel (KPA) for Samnanger kommune. BIR ønsker å gi ein uttale knytt til renovasjon som teknisk infrastruktur. Vi er lei for at vi ikkje ga uttale ved første gongs høyring i vår/sommar, men vonar det framleis er rom for endringar i planen.

BIR er opptatt av at avfallsløysingar ved utbygging og fortetting av bustader og hytter vert handsama som teknisk infrastruktur på lik linje med veg, vatn og avlaup. Og det er viktig å sikre nok og eigna areal både til sjølve avfallsløysinga og for tilkomst, oppstilling og manøvrering (snuhammar) ved henting av avfallet.

Vi syner her til planarbeid og krav til renovasjonsteknisk plan (§7) i gjeldande forskrift om handtering av avfall frå hushald, som også er vedteke av kommunestyret i Samnanger. Sjå lenkje: https://bir.no/media/1220/f-bir-informasjon-diverse-trykksaker-forskrift-for-avfallshaandtering-2017-forskrift-paa-nett_n.pdf.

Viser også til gjeldande renovasjonstekniske rettleiar: <https://bir.no/moderne-avfallsloesninger/renovasjonsteknisk-veileder/>

Det er vår oppfatning at det vil vere lettare å handtere renovasjon som teknisk infrastruktur i framtidige reguleringsplaner dersom det er gitt føringar/rammer i KPA.

Døme på avfall/renovasjon i KPA

Nedanfor er nokre eksempel på føresegner knytt til renovasjon i KPA frå andre BIR kommunar:

Bergen kommune har i sitt utkast til KPA stilt følgjande krav:

§ 21 Avfall

Bestemmelser

1. Det skal redegjøres for avfallshåndtering i byggesøknader og reguleringsplaner.
2. For boligområder skal det utarbeides en renovasjonsteknisk plan, basert på gjeldende veileder.

**Retningslinjer:**

Avfallshåndteringen skal være effektiv og bærekraftig, og skal i minst mulig grad beslaglegge uteoppholdsarealer og arealer i byrom. Om nødvendig må større områder sees i sammenheng for å oppnå rett infrastruktur.

Fusa kommune har følgende krav i sin KPA, vedteken 15.10.2015

Krav til infrastruktur, avkøysler, renovasjon og energi

Ved utbygging av nye område og ved nybygging/ombygging/bruksendring skal det setjast av tilstrekkeleg og eigna areal for oppsamlings- og hentestader for renovasjon, inklusive tilkomst-, oppstillings- og manøvreringsareal. Jf. PBL. §11-9 nr. 5.

Sentrumsføremål

2.21 Det skal dokumenterast tilfredsstillande forhold for varelevering og tilkomst for renovasjon.

BIR sitt innspel til renovasjon i KPA

Med bakgrunn i dette har vi følgjande innspel:

- Krav om at det skal gjerast greie for avfallshandtering i byggesøknadar og reguleringsplanar
- Krav om utarbeiding av renovasjonsteknisk plan (RTP), basert på gjeldande rettleiar, for bustader og fritidsbustader
- Krav om sikring av tilstrekkeleg og eigna areal for avfallsløysing, inkl. tilkomst, oppstilling og manøvrering ved henting av avfallet

Med vennlig hilsen


Barbro Relling
Rådgiver